

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 1 - 2026

Tidspunkt: 3. februar 2026, kl. 10.00-12.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 9. desember

Protokollen er sendt ut.

Vedtakssaker

Sak 1/26 Praksisbesøk haust 2026

Notat frå lektorsenteret

Sak 2/26 Universitetsskulesamarbeid – etablering av prosjektorganisasjon

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssaker

Sak 3/26 Studiebarometeret 2025

Munnleg orientering frå lektorsenteret

Sak 4/26 Rammeplanarbeidet: Utkast til underkapittel

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 5/26 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026

Notat frå lektorsenteret

Sak 6/26 Nytt frå praksisutvalet

Notat frå lektorsenteret

Sak 7/26 Eventuelt

Sak 1/26

Praksisbesøk haust 2026

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 3. februar 2026

elements: 26/127

Bakgrunnsdokument

- 28.10.25: [Sak 49/25 Praksisbesøk i lektorprogramma/PPU hausten 2026](#) i felles programstyre.
- 28.10.25: [Protokoll sak 49/25 Praksisbesøk i lektorprogramma/PPU hausten 2026](#) frå felles programstyre.
- 29.10.25: Brev til, og svarbrev frå, fakulteta (lagt ved i e-post)
- 04.11.25: [Sak 12/25 Gjennomføring av praksisbesøk høsten 2026](#) i praksisutvalet
- 04.11.25: [Protokoll sak 12/25 Gjennomføring av praksisbesøk høsten 2026](#) frå praksisutvalet
- 04.12.25: [Sak 29/25 Praksisbesøk høsten 2026](#) i styringsgruppa
- 09.12.25: [Sak 13/25 Anbefaling fra praksisutvalget om gjennomføring av praksisbesøk høsten 2026](#) i praksisutvalet
- 09.12.25: [Protokoll sak 13/25 Anbefalinger fra praksisutvalget om gjennomføring av praksisbesøk høsten 2026](#) frå praksisutvalet

Bakgrunn

Hausten 2026 har den 5-årige lektorutdanninga to kull ute i langpraksis samtidig. Dei to kulla er studentane som starta i 2024 i ny modell og som er i sitt femte semester, og studentane som starta hausten 2023 i «gammal» studiemodell, og som er i sitt sjuande semester. I tillegg har også PPU-studentane sin første langpraksis i haustsemesteret.

«Snuing» av langpraksis hausten 2026

Langpraksisperiodane i den 5-årige lektorutdanninga om hausten er normalt plasserte på ungdomstrinnet, både i ny og gammal modell. Pga. kapasitetsutfordringar i dette skuleslaget, som gjer seg endå meir gjeldande når ein skal plassere to kull i praksis samstundes, vedtok felles programstyre i møtet 28.10.25 å «snu» langpraksisperioden for det siste studentkullet i «gammal» modell. Det betyr at dei gjennomfører sin langpraksisperiode i vidaregåande skule hausten 2026 og på ungdomstrinnet våren 2027. Lektorsenteret er i dialog med dei relevante aktørane med tanke på gjennomføring av denne løysninga.

Problemstilling

I [sak 49/25 Praksisbesøk i lektorprogramma/PPU hausten 2026](#) i felles programstyre blei det presentert ein prognose for kva eit ekstra kull i langpraksis inneber for praksisbesøksordninga. Utgangspunktet for utrekninga var dei eksisterande [retningslinjene for praksisbesøk ved UiB](#) som tilseier to praksisbesøk per student per langpraksisperiode, og at 75 % av besøka skal gjennomførast av fagdidaktikkmiljøa og 25 % av pedagogar. Med tre kull i langpraksis er det behov for til saman 564 praksisbesøk for lektorprogramma og PPU, dvs. 240 fleire praksisbesøk enn vanleg. Det vil ikkje vere ressursgrunnlag til det.

Korleis kan praksisbesøka, hausten 2026, gjennomførast på ein måte som både varetek kvaliteten i praksisoppfølginga og UiB sine forpliktingar ovanfor studentane sitt læringsutbytte, og er i tråd med tilgjengelege ressursar?

Prosess

28.10.25 - Sak i programstyret: skape oversikt ved å presentere tall for praksisbesøk H26 og få innspel til vidare arbeid

I [sak 49/25 Praksisbesøk i lektorprogramma/PPU hausten 2026](#) i oktober fekk felles programstyre presentert alternative løysingar for gjennomføring av praksisbesøk:

Alternativ 1: Gjennomføre 564 praksisbesøk (to besøk per student)

Alternativ 2: Færre praksisbesøk (som eit unntak hausten 2026)

- a. Eitt praksisbesøk for alle studentar (282 praksisbesøk = 50 mindre enn vanleg)
- b. Eitt besøk i 5LU og to besøk i PPU (332 praksisbesøk)
- c. Eitt besøk i gammal eller ny modell, men to besøk i den andre + PPU (445 praksisbesøk)

Det var generell støtte i programstyret om at ein på grunn av dei spesielle vilkåra såg det som føremålstenleg med eitt praksisbesøk per student hausten 2026. Det mest ryddige då ville vere ei løysing som var lik for alle studentgruppene/programma (dvs. som i alternativ 2a). Å skilje mellom lektorprogramma og PPU var ikkje ønskeleg.

Det kom samtidig fram at nokre fagmiljø kunne ha ressursar til å gjennomføre to besøk for sine studentar, og at det gjaldt særleg fag med små studentgrupper. I den samanhengen vart omsynet til likebehandling, informasjon og heilskap i praksisordninga også drøfta.

29.10.25 - Dele oversikt med fakulteta, og be om tilbakemelding knytt til ressurssituasjon

Lektorsenteret sendte 29.10.26 ut brev til fakulteta om saka og bad om tilbakemelding på korleis dei vurderte ressurssituasjonen og programstyret si tilråding om å gjennomføre eitt praksisbesøk per student hausten 2026. NT, HF og PF har sendt tilbakemelding i saka (sjå vedlegg i e-post).

Oppsummert var det noko ulike syn i ulike fagmiljø, med grunnlag i at nokre fag har få nok studentar til at dei vil kunne gjennomføre to besøk for sine studentar, medan andre ikkje har ressursar til to besøk dette semesteret.

04.11.25 - Drøfting i praksisutvalet: identifisere moglege modellar og løysningar for gjennomføring av praksisbesøk H26

Praksisutvalet var delt i synet på om det var problematisk med berre eitt praksisbesøk per student dette semesteret eller ikkje. Tre av fire fakultetsmedlemmer meinte at eitt besøk vil vere tilstrekkeleg.

Når det gjeld PPU-studentane, drøfta praksisutvalet om eitt besøk ville vere tilstrekkeleg for å sikre god nok oppfølging. PPU-studentane har eit kortare utdanningsløp enn 5LU-studentane og faglærarane kjenner dei mindre godt.

04.12.25 - Sak i styringsgruppa for lektorutdanninga

I [sak 29/25 Praksisbesøk høsten 2026](#) i desember fekk styringsgruppa orientering om status og prosess knytt til rammer og modell for gjennomføring av praksisbesøk H26.

Praksisutvalet har greia ut felles programstyre sitt framlegg om eitt praksisbesøk per student i langpraksis haust 2026, [sak 13/25 Anbefaling fra praksisutvalget om gjennomføring av praksisbesøk høsten 2026](#), og [vedtek ei tilråding om gjennomføring av praksisbesøk H26](#).

Innspel og tilrådingar frå praksisutvalet

Praksisutvalet legg vekt på at omsynet til likebehandling må stå sterkt og det bør det vere ein felles og einskapleg modell for situasjonen hausten 2026. Lektorutdanninga bør framstå samla ovanfor studentar og skular, sjølv om fagmiljøa har ulike ressursar. Praksisutvalet påpeikar vidare at ordninga med eitt praksisbesøk er avgrensa til å gjelde for hausten 2026, og ikkje dannar presedens for seinare semester.

Nokre fagmiljø har uttrykt ønske om at studentane deira bør få besøk av fagdidaktikar i programfag på vidaregåande. Det kan eventuelt løysast ved å prioritere slike besøk i planlegginga, så langt det let seg gjere, innanfor rammene av eitt besøk.

Terskelen for ekstra besøk skal vere låg. Fagdidaktikar/pedagog skal straks varsle praksisadministrasjonen ved bekymringar og tidleg kontakte praksisrettleiar for planlegging. Dette er også ordninga i dag. I tråd med [Reviderte retningslinjer](#) blir ekstra besøk utløyst når praksis ikkje blir godkjend, eller når den besøkande melder behov for ekstra oppfølging. Oppfølging utover eitt besøk kan, som i dag, grunngjevast ut frå faglege omsyn.

Praksisutvalet si tilråding

Praksisutvalget anbefaler som hovedmodell at det gjennomføres ett praksisbesøk per student i langpraksis høsten 2026, som en enhetlig og felles modell for hele lektorutdanningen.

Praksisutvalget anbefaler videre at det tas hensyn til momentene som er nevnt i saksomtalen over og eventuelle særskilte faglige momenter.

Ordningen med ett praksisbesøk gjelder kun for høsten 2026 og skal ikke sette presedens for den ordinære praksisbesøksmodellen.

Praksisutvalet sine tilrådte informasjonstiltak:

- *Lektorsenteret informerer skoleledelsene ved partnerskolene tidlig våren 2026 om den ekstraordinære situasjonen høsten 2026.*
- *Lektorsenteret tar opp den ekstraordinære situasjonen høsten 2026 på samling for praksiskoordinatorer ved partnerskolene i mai 2026.*
- *Lektorsenteret arrangerer et felles møte for fagdidaktikere og pedagoger våren 2026 der temaet er gjennomføringen av praksis høsten 2026.*

Vurdering

Denne saka har hatt ei grundig sakshandsaming og vore innom ulike styringsorgan, i tillegg til innspelsrunde i fakulteta. Hovudsynet er at det på grunn av ressursituasjonen vil vere fornuftig med eitt praksisbesøk hausten 2026 som hovudmodell. Nokre fagmiljø har uttrykt ønske om at dei likevel ønskjer å gjennomføre to besøk for sine studentar det semesteret. Praksisutvalet har påpeikt at eitt praksisbesøk som hovudmodell kan gi grunnlag for ekstra oppfølging dersom faglege omsyn tilseier det. Den moglegheita ligg samtidig inne i dei eksisterande retningslinjene.

Framlegg til vedtak:

Felles programstyre vedtek at hovudmodell for praksisbesøk i langpraksis hausten 2026 er eitt praksisbesøk per student, både innanfor lektorprogramma og PPU.

Denne unntaksordninga vil gjelde berre for hausten 2026.

Lektorsenteret gjennomfører føremålstenlege informasjonstiltak i samband med ordninga, i tråd med tilrådingane frå praksisutvalet.

**Sak 2/26 Universitetsskulesamarbeid – etablering av
prosjektorganisasjon**

Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 3. februar 2026

elements: 26/127

Bakgrunn:

- Sak i [programstyret 9.12.25](#)
- [Orientering i styringsgruppen 4.12.25.](#)

Pilotprosjekt for universitetsskolesamarbeid 2026-2029

Vi viser til tidligere orientering om planlagt treårig pilotprosjekt for universitetsskolesamarbeid mellom UiB og fire videregående skoler: Amalie Skram vgs, Nordahl Grieg vgs, Bergen Katedralskole og St. Paul gymnas i programstyret 9.12.25 og i styringsgruppen 4.12.25.

Med utgangspunkt i pilotprosjektet og innspill i møte med skoleledelsene har lektorsenteret utarbeidet et forslag til avtaledokument (vedlegg 1) som er oversendt universitetsskolene. Vi vil sette i gang prosjektarbeidet så snart avtalene er signert med alle fire skolene og skolene har fått utpekt sine US-koordinatorer, etter planen i februar/mars.

Universitetsskolesamarbeidet i pilotprosjektet handler om kvalitetsutvikling av lektorutdanningen gjennom samarbeid om og utvikling av praksis. Universitetsskolesamarbeidet bør derfor ha en tydelig forankring i styringsstrukturen for lektorutdanningen.

Forslag til organisasjon for universitetsskolesamarbeidet

Det bør etableres en organisasjon for universitetsskolesamarbeidet, med avklarte funksjoner og roller. Lektorsenteret har utarbeidet et forslag til beskrivelse av roller og funksjoner i en slik organisasjon for universitetsskolesamarbeidet. Forslaget legges frem for programstyret i denne saken. (vedlegg 2)

Forslaget innebærer at felles programstyre fungerer som styringsgruppe for universitetsskolesamarbeidet i pilotperioden. Hovedansvaret til felles programstyres vil i denne sammenheng være å utøve det overordnede faglige og strategiske ansvaret for universitetsskolesamarbeidet. Faglig praksisleder vil ha ansvaret for å lede universitetsskolesamarbeidet og pilotprosjektet i perioden 2026-2029, og å rapportere til felles programstyre.

Forslaget innebærer videre at det etableres et arbeidsutvalg (AU), som har ansvaret for å koordinere og planlegge aktivitetene i piloten. Felles programstyre bes gi sin tilslutning til vedlagte forslag til mandat for AU (vedlegg 3), evt. med innspill til justeringer.

Lektorsenteret planlegger oppstartsmøter og etablering av prosjektorganisasjon for universitetsskolesamarbeidet i samarbeid med US-kontaktene og skoleledelsene i løpet av våren 2026.

Fremlegg til vedtak:

Felles programstyre gir sin tilslutning til

- foreslått organisasjon for universitetsskolesamarbeidet
- foreslått mandat for arbeidsutvalg for universitetsskolesamarbeidet

Vedlegg 1:

UTKAST

Avtale for universitetsskolesamarbeid mellom Universitetet i Bergen og [Skolens navn]

Bakgrunn

Universitetsskolesamarbeidet er et samarbeid mellom Universitetet i Bergen (UiB) og utvalgte universitetsskoler. Avtalen bygger på *Intensjonsavtale om etablering av utdannings- og forskningssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune*.

Formål

Formålet med avtalen er å styrke kvaliteten i lektorutdanningen gjennom

- utvikling av innholdet i praksisopplæringen
- samarbeid om praksisopplæringen
- felles utforsking av praksisnære problemstillinger

Parter

- Universitetet i Bergen, ved Lektorsenteret.
- [Skolens navn], ved skoleledelsen.

Forpliktelser

Gjennom avtalen forplikter Universitetet i Bergen seg til

- å finansiere 10 % stillingsressurs ved skolen til en universitetsskolekoordinator (US-koordinator)
- å tilby skolebasert veilederutdanning i form av mikroemne i veiledning
- å sette av midler til forsknings- og utviklingsprosjekter knyttet til praksis
- å oppnevne en universitetsskolekoordinator (US-koordinator) ved UiB

Gjennom avtalen forplikter skolen seg til

- å delta som aktiv partner i kvalitetsprosjekt og utvikling av praksisordningen i lektorutdanningen
- å utpeke US-koordinator (10 % stilling) som koordinerer skolens arbeid i universitetsskolesamarbeidet
- å sette av fellestid til gjennomføring av skolebasert veilederutdanning (mikroemne) for alle lærerne ved skolen

- å legge til rette for at skolens praksisveiledere kan ta fullverdig veilederutdanning (30 studiepoeng)
- å legge til rette for at skolen kan bidra i gjennomføring av kampuspraksisdager
- å prioritere lektorstudenter fra UiB som ønsker å gjennomføre datainnsamling til masteroppgaver

Organisering

Styringsgruppe (SG):

Felles programstyre for lektorutdanningen ved UiB er styringsgruppe for universitetsskoleordningen, og utarbeider mandat for arbeidsutvalget (AU).

Arbeidsutvalg (AU):

AU består av US-koordinatorene ved skolene og lektorsenteret, og ledes av faglig praksisleder ved UiB. AU har normalt to-tre planleggingsmøter per år, og rapporterer til styringsgruppen.

AU utarbeider en årlig aktivitetsplan for universitetsskolesamarbeidet.

Universitetsskolekoordinator (US-koordinator):

Har ansvaret for den løpende oppfølgingen av universitetsskolesamarbeidet, og for forankring og organisering ved egen institusjon.

Endringer

Endringer i avtalen skal gjøres skriftlig og forutsetter enighet mellom partene.

Konflikthåndtering og oppsigelse

Dersom det oppstår uenighet mellom partene som går ut over kvaliteten og måloppnåelsen i samarbeidet, f.eks. ved at en av partene ikke overholder sine forpliktelser, kan avtalen sies opp med minimum tre måneders varsel.

Før man går til oppsigelse av avtalen, skal dialog ha vært utprøvd for å løse eventuell uenighet.

Avtalens varighet

Avtalen inngås fra 01.02.2026 til 31.07.2029.

Perioden fra 01.02.2026 - 31.07.2026 er en innledende fase, der strukturer, kontaktpersoner og organisasjon etableres.

I perioden 01.08.26 – 31.07.2029 gjennomføres et treårig pilotprosjekt for utforskning og etablering av ulike målsettinger og aktiviteter i partnerskapet. Aktivitetene i pilotperioden er beskrevet i *Vedlegg til universitetsskoleavtale for UiBs lektorutdanning, målplan for perioden 01.08.2026-31.07.2029*.

Evaluerings

Lektorsenteret kaller inn til et årlig statusmøte med skolens ledelse og AU i vårsemesteret.

Partene evaluerer avtalen i løpet av våren 2029 med sikte på videreføring av samarbeidet, evt. med hensiktsmessige justeringer.

Signaturer

For Universitetet i Bergen:

Faglig leder for lektorsenteret: Endre Brunstad

Navn, dato

For [Skolens navn]:

Rektor:

Navn, dato

Vedlegg 2:

UTKAST

Beskrivelse av roller og funksjoner i universitetsskolesamarbeidet

Lektorutdanningen ved Universitetet i Bergen (UiB)

Styringsgruppe for universitetsskolesamarbeidet ([Felles programstyre](#))

Hovedansvar: Felles programstyre fungerer som styringsgruppe for universitetsskolesamarbeidet. videre

Oppgaver: Utøve overordnet faglig og strategisk ansvar for universitetsskolesamarbeidet, behandle planer og rapporter, sikre at formålet i universitetsskolesamarbeidet oppnås.

Arbeidsutvalg (AU)

Hovedansvar: Operativ koordinering og planlegging av aktivitetene i pilotprosjektet. Ledes av faglig praksiskoordinator UiB.

Oppgaver: Utarbeide aktivitetsplaner, koordinere tiltak og følge fremdrift i piloten.

Faglig praksisleder UiB:

Hovedansvar: Lede universitetssamarbeidet og pilotprosjektet 2026-2029.

Oppgaver: Lede pilotprosjektet, lede arbeidsutvalget (AU) og rapportere til styringsgruppen (felles programstyre) om fremdrift og erfaringer.

US-koordinator UiB

Hovedansvar: Kontaktperson for US-koordinatorene ved skolene og koordinering av aktiviteter ved UiB. Administrativ støtte for faglig praksisleder.

Oppgaver: Inngå som medlem av AU, praktisk koordinering ved gjennomføring av aktiviteter ved og i regi av UiB.

US-koordinator skole

Hovedansvar: Lokal forankring og gjennomføring av aktiviteter på skolen, kontaktperson for UiB.

Oppgaver: Inngå som medlem av AU, praktisk koordinering ved gjennomføring av aktiviteter ved skolen og forankre tiltak i skoleledelse og kollegium.

Ressursgruppe lektorsenteret

Hovedansvar: Ressurs- og kompetansegruppe for faglig praksisleder i arbeidet med universitetsskolesamarbeidet.

Oppgaver: støtte faglig praksisleder i ledelsen av universitetsskolepiloten.

Medlemmer: US-koordinator ved UiB, koordinator for SKK og partnerskapsarbeid, partnerskapsstillingene ved lektorsenteret.

Vedlegg 3:

UTKAST

Mandat – Arbeidsutvalg (AU) for universitetsskolesamarbeidet

Lektorutdanningen ved Universitetet i Bergen (UiB)

Formål

Arbeidsutvalget (AU) skal være et operativt koordinerende organ for universitetsskolesamarbeidet i pilotperioden 2026–2029. AU skal bidra til å realisere mål og aktiviteter i samsvar med inngått avtale og målplan, og støtte styringsgruppen i oppfølgingen av piloten.

Forankring

Mandatet er forankret i universitetsskoleavtalen mellom UiB og deltakende skoler, målplanen for perioden 01.08.2026–31.07.2029, samt programstyret for lektorutdanningen ved UiB som styringsgruppe.

Sammensetning og ledelse

AU består av US-koordinatorene ved universitetsskolene, US-koordinator ved lektorsenteret/UiB og koordinator for SKK og partnerskapsarbeid ved lektorsenteret. AU ledes av faglig praksisleder ved UiB, og lektorsenteret fungerer som sekretariat for arbeidet i AU.

Ansvarsområder og oppgaver

- Utarbeide årlige aktivitetsplaner og årshjul for universitetsskolesamarbeidet i tråd med målplanen.
- Koordinere og følge opp aktiviteter mellom UiB og universitetsskolene.
- Bidra til kvalitet, sammenheng og erfaringsdeling i aktivitetene i universitetsskolesamarbeidet
- Gi råd og innspill til programstyret for lektorutdanningen om utviklingsbehov og erfaringer i samarbeidet.

Arbeidsform og varighet

AU har normalt 2–3 faste møter per år og rapporterer til styringsgruppen. Mandatet gjelder for perioden februar 2026–31. juli 2029.

Sak 4/26

Rammeplanarbeidet: Utkast til underkapittel

Notat frå lektorsenteret

Drøftingssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 3. februar 2026

elements: 26/127

Bakgrunnsdokument

- [Samleside for del 3: Felles rammeplan med underkapittel](#)
- [Framlegg til underkapittel](#)
- [Grunngivingar frå underkapittelgruppe 8–10](#)
- [Grunngivingar frå underkapittelgruppe 11–13](#)
- [Notat om supplerande tilrådingar og utdjupingar](#)
- Programstyresakene [43/25](#) og [51/25](#)

Bakgrunn

I oktober 2025 fekk fleire arbeidsgrupper i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet om å utarbeide framlegg til underkapittel til felles rammeplan. Oppdraget var basert på framlegg til fellesdel i rammeplanen, utarbeidd av Fagleg råd for lærarutdanning, med sisteutkast levert i oktober 2025. Arbeidet med felles rammeplan heng saman med regjeringa sitt mål om at styringa av lærarutdanningane skal bli meir overordna.

I arbeidet med underkapittel har UiB vore representert i arbeidsgruppe for underkapittel 11–13 med professor Jorun Nyléhn og lektorstudent Henrik van der Hoeven. Leiarane for underkapittelgruppene 8–10 og 11–13 var òg til stades på den nasjonale lektorutdanningskonferansen som UiB arrangerte 13.–14. november 2025. Programstyret har blitt løpande orientert om arbeidet med rammeplanar (jf. programstyresakene 43/25 og 51/25). I den samanhengen har særleg framlegget om fem fleire praksisdagar for lektorprogramma blitt problematisert.

For UiBs lektorutdanning er det primært utdanningsløpa 8–10, 11–13 og PPU-A som er relevante, men vaksenopplæringa vil òg bli nemnt sidan det der kjem innspel som kan påverke heilskapen. Særleg utfordrande vil underkapittelet 8–10 vere sidan det skal dekkje fleire utdanningsløp som dagens 5–10, 1–10 og 8–13. Her vil ein måtte ha ein del unntak for dei utdanningsløpa som òg har 11–13.

Kvart underkapittel er utforma etter ein spesifikk mal bestemt av Kunnskapsdepartementet. Dei skal vere kortfatta, ikkje innehalde læringsutbyttebeskrivingar og vere kopla til paragrafane i felles rammeplan. Det som står i underkapitla skal altså kome i tillegg til det som står i fellesdelen; der står det f.eks. at det skal vere 30 stp pedagogikk. Det må poengterast at dei tekstane som det her blir referert til, er utkast, og at det vil vere ein prosess i saka med høyring (jf. nedanfor).

Underkapittel og foreløpige vurderingar frå lektorsenteret

Saka blir her lagt fram til programstyret til orientering med tanke på den komande høyringsprosessen om felles rammeplan. Programstyret blir òg invitert til å gi innspel til kulepunktta og til lektorsenteret sine foreløpige vurderingar.

Underkapittel 8–10

Dette underkapittel er retta mot lærarar/lektorarar som skal undervise i ungdomsskulen.

Under kjernekompetansar er det følgjande framlegg til tilføyingar i dette underkapittelet, her formulert som kulepunkt:

- «å kunne knytte undervisningen til ungdommers livsverden og støtte dem i å utvikle og utøve rollen som aktører i eget liv og i samfunnet. Dette innebærer å ha kunnskap om elevenes utvikling i overgang fra barn til ungdom.»

Dette kulepunktet svarar til ein del av dei formuleringane som er i dagens rammeplan for 8–13 om ungdoms utvikling og læring og om ungdomskultur. I så måte representerer framlegget ei vidareføring av dagens utdanning. At det er tale om *ungdom* og ikkje barn passar godt på lektorutdanninga.

- «Anvendelse av faglig, fagdidaktisk og pedagogisk kunnskap i tråd med gjeldende læreplanverk. Å lede undervisning på en måte som skaper engasjement og fremmer faglig og tverrfaglig læring gjennom varierte, praktiske og elevaktive arbeidsmåter på ulike læringsarenaer er en del av kompetansen. Den inkluderer også kompetanse i underveis- og sluttvurdering i fag.»

Dette kulepunktet seier noko om bruken av kunnskap, arbeidsmåtar og vurderings-kompetanse, og representerer ikkje noko nytt.

- «Reflektert og kritisk bruk av digitale ressurser for å fremme læring i fag og støtte elevene i utviklingen av digitalt medborgerskap.»

Dette kulepunktet svarar til dagens formulering i rammeplanen om digitale verktøy, men med understreking av det kritiske og reflekterte.

I utgreiinga frå arbeidsgruppa for underkapittelet er denne formuleringa med, men den er ikkje med i teksten med framlegg:

- «Om skule-heim-samarbeid: «å kunne delta i og legge til rette for et godt skole-hjem-samarbeid, å kunne møte barn og unge i vanskelige livssituasjoner og ha kunnskap om vold og seksuelle overgrep.»

Generelt svarar dette framlegget til dagens rammeplan med formuleringar om «*relasjoner til elever og foresatte*» og «*kunnskap om barn og unge i vanskelige livssituasjoner, herunder kunnskap om vold og seksuelle overgrep mot barn og unge, om deres rettigheter i et nasjonalt og internasjonalt perspektiv, og om hvordan sette i gang nødvendige tiltak etter gjeldende lovverk.*» Tilsvarande står derimot ikkje i framlegg til felles rammeplantekst. Det er vanskeleg å vurdere kva status denne formuleringa skal ha, jf. ovanfor. Det er spesifisert at dersom dette ikkje kjem med i underkapittelet, bør det stå i fellesteksten, men det er ikkje gjort.

Når arbeidsgruppa skal kome med innspel til innhald i utdanninga, dvs. §14-2, står det følgjande:

- Om praksis: «Praksis ved trinn 8-10 skal inngå i utdanningen.»

Dette kulepunktet verkar rimeleg sidan utdanninga er retta mot dette skuleslaget.

- Fagdidaktikkens rolle: «Alle fag som tilsvarer et skolefag, skal omfatte fagdidaktikk.»

Innhaldet i dette kulepunktet er mynta på GLU-utdanningane der fagdidaktikken er integrert i studiefaga, I lektorutdanninga er det derimot ikkje tilfelle; det blir her sett på som verken ønskeleg eller realistisk å få til, og derfor er det laga eit unntak for 11–13:

- «I studieprogrammer som også utdanner til trinn 11-13 kan fagdidaktikk inngå som eget emne.»

Dette kulepunktet tilfredsstiller lektorutdanninga sitt behov. Det kan samtidig vere forvirrande at eit underkapittel opererer med unntak for sine egne kulepunkt. Det skjer òg med det følgjande kulepunktet:

- «Masteroppgaven skal være profesjonsrettet og praksisorientert.»

Bakgrunnen for dette kulepunktet er å vidareføre dagens innretning i GLU, men kravet som det formulerer vil vere innskrenkande for lektorutdanninga. Derfor er det så formulert unntak:

- «I studieprogrammer som også utdanner til trinn 11-13 skal masteroppgaven være profesjonsrelevant.»

Dette kulepunktet tilfredsstiller lektorutdanninga sitt behov, i og med at "profesjonsrelevant" opnar for eit breiare spekter av masteroppgåve-emne (t.d. disiplinfaglege) enn kva tilfellet vil vere med "profesjonsrettet og praksisorientert". Problemet er, som ovanfor, at eit underkapittel opererer med unntak for egne kulepunkt.

Generell vurdering av framlegget til underkapittel for 8–10:

Framlegget vil med dei unntaka som er formulerte, ikkje ha direkte negative konsekvensar for vår lektorutdanning. Det er samtidig nokre aspekt ved innhald og design som kan diskutert, bl.a. at det er forvirrande med unntaksordningar, sjølv om dei framstår som nødvendige.

Underkapittel for 11–13

Dette underkapittelet gjeld for lærarutdanning for 8–13 med studieførebuande utdanningsprogram og fellesfag i vgs.

Under utdyping av kjernekompetansar er det framlegg om følgjande formuleringar:

- «overganger elever står i. Dette innebærer både overgangsprosesser i videregående opplæring og fra videregående opplæring til høyere utdanning og yrkesliv.»

Dette kulepunktet representerer eit nytt element i høve til dagens rammeplan for 8–13. Samtidig verkar elementet relevant og i samsvar med behov og ønske, slik undergruppa òg framhevar.

- «fagdidaktikk, som handler om forståelse av fagenes innhold, metoder og begrunnelser. Dette inkluderer kompetanse i undervis- og sluttvurdering i fag.»

Dette kulepunktet er i samsvar med dagens rammeplan og i samsvar med UiBs måte å praktisere og forstå lektorutdanning på.

- «reflektert og kritisk bruk av digitale ressurser i undervisning og vurdering i fag og for å støtte elevene i utviklingen av digitalt medborgerskap.»

Dette kulepunktet står også i framlegg til underkapittel for 8–10. Det kan diskuterast om det då er nødvendig at det står her, ut frå byggeklossprinsippet mellom underkapitla.

Under innhald i utdanninga står det følgjande:

- «Utdanningen skal omfatte minst 30 studiepoeng fagdidaktikk og en masteroppgave med fagdidaktisk eller disiplinlig innretning.»

Dette kulepunktet er i samsvar med dagens rammeplan og i samsvar med UiBs måte å praktisere og forstå lektorutdanning på. Det kan diskuterast om det også skal spesifiserast at masteroppgåva skal inngå i fag 1 i lektorutdanninga, eller om det er unødvendig. Vil ei manglande spesifisering bety at studentar kan ta masteroppgåve i noko anna enn fag 1, t.d. fag 2 eller tverrfagleg emne? At dette ikkje blir spesifisert *kan* bety at ein ikkje vil få einsarta fordjuping i fag 1 i lektorprogramma, dersom UH-institusjonane sjølve kan bestemme dette.

- «Praksis i videregående opplæring skal inngå i utdanningen.»

Dette kulepunktet verkar rimeleg sidan utdanninga er retta mot dette skuleslaget.

Generell vurdering av framlegga i underkapittelet for 11-13:

Framlegga som gjeld underkapittel 11–13 verkar rimelege. Det kan diskuterast om formulering som finst i 8–10 (om digitale verktøy) skal med her, ut frå byggesteinsprinsippet.

PPU-A

I bestillingsdokumenta frå oktober 2025 var tanken at PPU skulle inngå i aktuelle underkapittel. Dette framstod som problematisk, fordi det ville bety mange unntaksordningar innanfor 5–7, 8–10 og 11–13, og ein har enda med ei løysing der PPU-A blir eit eige underkapittel medan PPU-Y unngår i kapittel om yrkesfag i vgs.

Dette betyr for det første at det PPU-tilbodet som UiB føreslår på 60 stp. får halde fram som no. Det er spesifisert 30 stp fagdidaktikk og minst 60 dagar praksis i underkapittel. 30 stp pedagogikk er spesifisert i fellesteksten. Her er mastergrad opptakskriterium.

I tillegg opnar ein for PPU-master, anten på 90 eller 120 studiepoeng. Her er det ikkje krav om mastergrad for opptak, men ein vil få mastergrad gjennom studiet, anten ordinær (120 stp) eller erfaringsbasert (minst 90 stp).

Vaksenopplæring

Det har kome framlegg om underkapittel for vaksenopplæring (§7, Lærerutdanning for forberedende og videregående opplæring for voksne), sjølv om dette i første omgang ikkje var med i bestillinga frå Kunnskapsdepartementet. Det finst i dag ikkje ei eiga lærarutdanning for vaksenopplæring. Dagens

lærarutdanningar kvalifiserer til å undervise i vaksenopplæringa, og våre lektor studentar *kan* ha praksis i vaksenopplæringa.

Kunnskapsdepartementet har vore interessert i å få ei utgreiing om det eventuelle behovet for underkapittel for vaksenopplæring. Arbeidsgruppa ser fordelar og ulemper med ei slik ordning, men endar med å føreslå eige underkapittel med fem kravspesifikasjonar, i tillegg til nokre mildare vilkår for opptak til utdanninga, som igjen har ulike implikasjonar (t.d. manglande krav til sidemålskompetanse).

I [Notat om supplerande tilrådingar og utdjupingar](#) (frå FRLU og arbeidsgrupper) er det dessutan framlegg om at vaksne som målgruppe blir synleggjorde i innleiande tekst i kvart underkapittel, og at vaksne blir nemnde i rammeplanen i samanhengar der barn og unge blir nemnde. Det er uklart om det framlegget er meint som alternativ eller supplement til eventuelt eige underkapittel.

Dersom ein innfører eit eige underkapittel med spesifikke krav til vaksenopplæring, vil det bety ei strengare regulering av lærarutdanningane, dvs. det motsette av kva som har vore føremålet med rammeplanarbeidet. Dersom ein vidare vil kople desse kjernekompetansane til kompetanseforskrifta for tilsetjing i skulen, vil arbeidsmarknaden for våre lektorar bli innskrenka, på same måte som ein karriereveg for tilsette i skulen vil bli innskrenka.

Vurdering: Framlegget om eige underkapittel for vaksenopplæring framstår som utydeleg og lite gjennomtenkt. Også framlegget om at ein skal nemne gruppa «voksne» i samanhengar der barn og unge blir nemnde, bør vurderast nøyare, fordi desse kategoriane dermed blir irrelevante.

Oppsummering

For lektorutdanninga vår framstår framlegga for underkapitla 8–10 og 11–13 som relativt uproblematisk. Eit punkt om overgangar i utdanningane (for 11–13) representerer noko nytt i høve dagens rammeplan, men verkar rimeleg med tanke på innsikt frå *Fullføringsreformen* og frå arbeidet med at elevane i vidaregåande skal bli meir studieførebu. At PPU-A blir eit eige underkapittel, betyr at toårig PPU-master vil kunne halde fram som ordning. Av andre underkapittel framstår det om vaksenopplæring som mest umotivert.

Det er framleis fleire usikre moment når det gjeld fellesdelen av rammeplanen, bl.a. når det gjeld omfanget av praksisdagar, arenaer for praksisopplæringa og innhaldskomponentar, jf. programstyresakene [43/25](#) og [51/25](#). Her har det ikkje skjedd noko nytt, sidan det er underkapitla som har stått i fokus no.

Vidare prosess for rammeplanarbeidet

Kunnskapsdepartementet vil no bearbeide tekstane frå FRLU og underkapittelgruppene før dei blir sende ut på høyring til fagmiljøa. Vi veit enno ikkje når saka kjem på høyring, anna enn at det vil skje i vår. Det er vanleg med høyringsrunde på i alle fall seks veker.

Sak 5/26

Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 3. februar 2026

elements: 26/127

UiB sin årlege lektorutdanningskonferanse går av stabelen 17.-18. februar på Solstrand Hotel & Spa.

Komitémedlemmene er:

- Vibeke Tellmann - fagleg praksisleiar og leiar av komiteen
- Jorunn Nyléhn - representant frå NT
- Aud Solbjørg Skulstad - representant frå HF
- Øyvind Wiik Halvorsen - representant frå PF
- Madeleine A. Joys, St. Paul gymnas – representant frå skule
- Aud Irene Mehammer – sekretær for komiteen

Med bakgrunn i felles programstyre sitt vedtak i [sak 26/25 Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026](#) 12.06.25 har komiteen utarbeida program for konferansen. Det overordna tema for konferansen er *Kunnskap og kritisk tenking i skolen*. Programmet er lagt ved sakspapira og mindre endringar vil kunne blir gjort fram mot konferansedato.

Invitasjon blei send ut 14.januar, med påmeldingsfrist 30.januar. Dei inviterte er tilsette i lektorutdanninga ved UiB og ved samarbeidsskulane våre. Studentutvalet for lektorutdanninga (STIL) har fått høve til å melde på fem deltakarar, men foreløpig er det ingen studentar som har meldt seg på.

Konferansen har 80 plassar (rom) og per 22. januar er det 95 som har meld seg på. Vel 50 av desse kjem frå skulane.

Pga. den store påmeldinga prøver vi å få deltakarar til å dele rom slik at flest mogleg skal få delta. For neste års konferanse bør vi vurdere å utvide tal på deltakarar og/eller redusere tal på max deltakarar per skule frå tre til to.

Det er samtidig svært gledeleg at interessa for UiB sin lektorutdanningskonferanse er så stor.

Lektorutdanningskonferansen ved UiB 2026

SOLSTRAND 17.-18. FEBRUAR

Kunnskap og kritisk tenking i skolen

Bolk 1: Kritisk tenking i ei postfaktuell verd

Eit utbreidd perspektiv på samtida er at ho er postfaktuell, kor eitt av kjenneteikna er at samfunnsdebattar i aukande grad lausriv seg frå fakta og felles målestokkar for objektivitet. Samfunnet står då att med uthola normer for offentleg debatt der kvar einskild sit med «sine» fakta og gyldigheitskrav. I fleire land vert denne utviklinga forsterka og utnytta av politiske rørsler med interesse i å fragmentere offentlegheita og undergrave moglegheiter for semje om sanning. På denne bakgrunnen får skulen si rolle i å fremje demokrati fornya tyding.

I denne sesjonen vil vi rette merksemda mot kritisk tenking og spør: Kva er kritisk tenking og korleis kan det sjå ut i undervisninga? Korleis kan skulen formidle til elevar at dei må tenkje sjølve og innordne seg felles krav til saklegheit og gyldigheit?

Bolk 2: Trygg nok til å vere kritisk – om føresetnadene for meiningsbryting og kritisk tenking i klasserommet

Fri meiningsdanning og argument som vert brynte mot kvarandre høyrer til grunnmuren i demokratiet. Samstundes vert det rapportert om at fleire unge kvir seg for å ytre eigne meiningar. Dette gjeld også i klasserommet, og ein slik tendens vil kunne leggje lokk på viktige lærings- og dannelsingsprosessar. Kva kjenneteiknar så eit klasserom som er trygt nok til at også vanskelege og kontroversielle tema kan verte utforska og diskuterte?

I denne sesjonen spør vi kva føresetnader som må liggje til grunn for at undervisning kan fremje elevs evner til konstruktiv meiningsbryting og kritisk tenking.

Bolk 3: Kritisk diskusjon om lærarens kunnskapsgrunnlag

Kva kunnskap bør lærarar ha? Finst det kunnskap som er meir «verksam» i praksis enn anna – og kvar kjem han i så fall ifrå? Er lærarprofesjonen der legeprofesjonen var for 100 år sidan, og står slik føre ei storstilt vitskapleggjering av praksis? Men kva inneber eigentleg det, og er det ynskjeleg?

Slike spørsmål handlar om kunnskapsgrunnlaget i læraryrket, samstundes som dei også famnar nærskylde spørsmål om fagleg identitet og kva normer og ideal yrkesutøving bør baserast på. Dette er grunnleggjande spørsmål som jamleg bør diskuterast i lektorutdanninga og lærarprofesjonen, men diskusjonen vert ofte prega av ei noko karikert innramming der «evidensbasert praksis» står mot «bruk av skjønn». Lektorutdanningskonferansen ynskjer i staden å leggje til rette for ei nyansert samtale, utan å underslå reell usemje.

Dagsprogram:

Dag 1:

0830: Avreise med buss fra Musèplass

0925-0945: Ankomst Solstrand – lett servering og mingling

Kritisk tenking i ei postfaktuell verd

10.00-10.35: Stein Dankert Kolstø: «Læreres tilrettelegging og elevers praksis i et klimaprojekt – Hvordan utvikle kritisk tenkning hos alle?»

10.35-11.10: Aud Solbjørg Skulstad (UiB) og Terje Pedersen (Klepppestø ungdomsskole): «Den postfaktuelle æra krever nye undervisningsformer: Erfaringer med en KI-chatbot skreddersydd for å fremme elevers kritiske tenkning».

11.10-11.20: Pause

11.20-12.00: Diskusjon i grupper med utgangspunkt i innlegga

12.00-13.00: LUNSJ

Trygg nok til å vere kritisk

13.00-13.35: Jorun Nylén: «Kritisk tenkning i undervisningen: hvilke barrierer opplever studentene og ansatte?»

13.40-14.15: Mari Lund Eide og Hild Hoff: «Med trygghet som mål? Ubehagets læringspotensial og begrensninger i undervisning om kontroversielle tema».

14.15-14.30: Pause

14.30-15.15: Diskusjon i grupper

15.15-16.00: «Hjelp, hva skjedde med klasserommet mitt? Fra venstre- til høyre radikal ungdom i den polariserte, norske videregående skolen.»

Paneldebatt med lærere fra «rød» (Anna Mascolo, Bergen Katedralskole), «blå» (Hans Kristian Frågodt, Nordahl Grieg vgs) og blanda (Bjørn Rørvik-Olsen, St. Paul gymnas) skole. Ordstyrar: Madeleine Andersen Joys (St. Paul Gymnas)

16.00: Kaffimat

19.00: Aperitiff

19.30: Middag

Dag 2:

Kritisk diskusjon om lærarens kunnskapsgrunnlag

09.00-09.05: Velkommen

09.10-09.40: Steinar Bøyum (UiB): "Forskningsbasering og forskningsvurdering. Kritisk refleksjon over forskning i profesjonsutdanning"

09.45-10.30: Gir lærerutdanningene studentene kunnskapen som virker?

Klara Furuberg (lektor ved Hellerud vgs og initiativtaker til Facebook-gruppa «Lærere for evidensinformert undervisning») innleiar om teksten [«Åpent brev fra lærere: Gi lærerstudentene kunnskapen som virker»](#) (Utdanningsnytt 5.9.2025) signert av lærarar for evidensinformert undervisning.

Kommentar til brevet:

- Lars Petter Storm Torjussen (professor og lektorutdannar ved UiB) og
- Henrik van der Hooven (lektorstudent ved UiB)

10.30-10.50: Pause med utsjekk

10.50-11.50: Diskusjon i grupper og i fellesskap

11.50-12.00: Pause

12.00-12.30: Avslutning

- [Ny rammeplan for lektorutdanninga](#) - status: Orientering frå Endre Brunstad
- Praksis hausten 2026: orientering frå Vibeke Tellmann
- Oppsummering og vel heim

13.00: LUNSJ

14.15: Buss til Bergen

Sak 6/26

Nytt frå praksisutvalet

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 3. februar 2026

elements: 26/127

Leiar for praksisutvalet orienterer frå praksisutvalet. Protokoll frå førre møte, 09.12.25, er lagt ved (sjå vedlegg).

UNIVERSITETET I BERGEN

Praksisutvalget

Lektorsenteret

Arkivsaksnr.:2025/1904

Møte i praksisutvalget ble holdt tirsdag 9. desember klokken 14-16 på St. Paul videregående skole.

Til stede: Vibeke Andrea Tellmann (leder), Marie von der Lippe (HF), Merethe Foer (VLFK), Siri Øksnes (VLFK), Mona Langø (SV), Thomas Leming Grønset, (vara, IPED), Christoph Kirfel (NT), Ranveig Lote (observatør) og Vigdis Berg (sekretær).

Forfall: Hilde Hjertager Lund (IPED), Kristin Eikanger (BK), Magnus Gjerlaug (studentrepresentant 5LU).

Sekretær: Vigdis Berg

SAKSLISTE:

I	25/1904	GODKJENNING AV SAKSLISTE Sakslisten ble godkjent
II	25/1904	GODKJENNING AV REFERAT Referatet ble godkjent
III		ORIENTERINGSSAKER 1. Universitetsskolesamarbeidet Faglig praksisleder orientert kort om bakgrunnen for universitetsskolesamarbeidet og prosessen med å revitalisere samarbeidet, se eget vedlegg i innkallingen. Universitetsskolesamarbeidet vil nå være knyttet til lektorutdanningen, og eventuelt andre samarbeid med skolene dekkes i stor grad av andre avtaler. 2. Avvik i gjennomføringen av praksisbesøk høsten 2025 Faglig praksisleder orienterte kort om bakgrunnen for saken og betydningen av at retningslinjene for praksisbesøk blir fulgt, og at praksiskoordinatorerne får tilbakemelding om eventuelle avvik eller utfordringer i praksis tidlig. Det er derfor viktig at praksisrapport leveres så raskt som mulig, og slik at studenter som trenger ekstra oppfølging, kan fanges opp. Medlemmene i praksisutvalget ble oppfordret til å ta denne orienteringen tilbake til fagmiljøene.
Sak 13/25	25/13410	Anbefaling fra praksisutvalget om gjennomføring av praksisbesøk høsten 2026 Faglig praksisleder redegjorde for bakgrunnen for anbefalingen i saksfremlegget om ett praksisbesøk per student høsten 2026. Det ble samtidig vist til at det i forkant av møtet er kommet et motforslag. Her argumenteres det for at det bør være opp til fagmiljøene selv å avgjøre om studentene skal ha ett eller to besøk. I drøftingen kom det frem ulike perspektiver. Disse handlet på den ene siden om behov for likebehandling, mens skolerepresentanten for Vestland fylkeskommune oppfordret fagpersonene fra UiB til å ta kontakt med veilederne også utenom selve

		praksisbesøket, og at ekstra oppfølging ikke nødvendigvis betyr ett ekstra praksisbesøk. Praksisutvalget ble enige om at ett praksisbesøk skal være hovedmodellen høsten 2026, men at oppfølging utover dette begrunnes ut fra faglige hensyn hvis nødvendig. Vedtak Praksisutvalget anbefaler som hovedmodell at det gjennomføres ett praksisbesøk per student i langpraksis høsten 2026, som en enhetlig og felles modell for hele lektorutdanningen. Praksisutvalget anbefaler videre at det tas hensyn til momentene som er nevnt i saksomtalen over og eventuelle særskilte faglige momenter. Ordningen med ett praksisbesøk gjelder kun for høsten 2026 og skal ikke sette presedens for den ordinære praksisbesøksmodellen.
Sak 10/25	13/10358	Møteplan for praksisutvalget våren 2026 • 27. januar kl.14-16 på Nordahl Grieg vgs. • 03. mars kl. 14-16 • 14. april, kl. 14-16 • 26. mai kl. 14-16 De tre første møtene våren 2026 planlegges lagt til universitetsskolene, mens vårens siste møte blir på lektorsenteret. Sted bekreftes i innkallingene. Vedtak Praksisutvalget vedtar framlegget til møteplan for våren 2026.
		Eventuelt • Merethe Foer tok opp at hun etter hvert har mange oppgaver og roller ved UiB, og at det derfor kan være hensiktsmessig å vurdere en ny representant fra vgs i praksisutvalget. Dette vil bli fulgt opp av faglig praksisleder. • Marie von der Lippe deltok på sitt siste møte praksisutvalget. Ny representant og vara vil bli oppnevnt fra HF.

Vibeke Andrea Tellmann
leder

Vigdis Berg
sekretær